



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for plan og næring</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Skei Hotel, Skei</b>
<b>Møtedato</b>	<b>21.03.2007</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Kjartan Longva A**  
**Roger B. Silden A**  
**Jorunn Eide Kirketeig A**  
**Mathias Råheim H**  
**Hilde Kvamsås Aa**  
**Marit Aafedt Fjærestad Sp**  
**Asgeir Solheim Sp**

**Forfall til møtet:**

**Kjellaug Veivåg Høyvik Sp, Harald Lindvik V**

**Varamedlemmer til stades:**

**Jørgen Asperheim Sp, ingen varamedlem møtte for Harald Lindvik**

**Til stades med tale-/framleggsrett:**

**Velaug Veum**

**Andre til stades:**

**Sekretariat for møtet:**

**Oddveig Hove**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 21.02.07 vart godkjend utan merknader.

**Munnleg orientering:**

Vidareutvikling av cruisekaia i Olden v/Ordførar Nils P. Støyva, hamnesjef Håkon Olsen og reiselivssjef Jens Chr. Skrede

**SAK 14/07            Skriv og meldingar**

Rapportering om bruk av regionale utviklingsmidlar 2006  
Rapportering om bruk av midlar i regi av fylkesplangruppa  
Årsrapport for Bygdeutviklingsprogrammet 2006  
Tiltak ved bedriftsnedlegging - høyring.

**Framlagt i møte:**

Notat frå Fylkesrådmannen – Omlegging av den differensierte arbeidsgivaravgift frå 2007 – bruk av næringsretta midlar til regional utvikling i Sogn og Fjordane

Hyllestad kommune – Søknad om midlar frå Hyllestad kommune – Omstillingsstatus

-----  
**SAK 15/07            Utvikling og omstilling i Hyllestad**

**Frå fylkesdirrektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune yter kr 200.000 til delprosjektet ”Millom bakkar og berg – busetnad og integrering av utanlandske familiar” for 2007 og 2008.

Dei lokale tiltaka i søknaden må visast til lokal finansiering, til eit av dei fylkesdekkande programma eller til ulike tiltak hjå Innovasjon Norge.

**Endringsframlegg:**

**Hovudutval for plan og næring la fram slikt framlegg til vedtak:**

Hovudprosjektet: ”Utvikling og omstilling i Hyllestad” vert tildelt kr 350.000.

Dei lokale tiltaka i søknaden må visast til lokal finansiering, til eit av dei fylkesdekkande programma eller til ulike tiltak hjå Innovasjon Norge.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Hovudprosjektet: ”Utvikling og omstilling i Hyllestad” vert tildelt kr 350.000.

Dei lokale tiltaka i søknaden må visast til lokal finansiering, til eit av dei fylkesdekkande programma eller til ulike tiltak hjå Innovasjon Norge.

-----  
**SAK 16/07            TUN+**

**VEDTAK:**

- 1 Prosjektet TUN+ er eit nyskapande og spennande bustadprosjekt med stor overføringsverdi for andre kommunar.
- 2 Hovudutvalet løyver 200 000 kroner til hovudprosjektet i 2007 under føresetnad av at området vert opna opp for utbygging.  
Løyvinga vert finansiert frå utviklingsmidlar til disposisjon for hovudutval for plan og næring.

-----  
**SAK 17/07            Omlegging av den differensierte arbeidsgjevaravgifta frå 2007 - bruk av næringsretta midlar til regional utvikling i Sogn og Fjordane**

**VEDTAK:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Det blir etablert ei eiga ordning for bruk og forvaltning av næringsretta midlar til regional utvikling over kap. 551.61 i Statsbudsjettet - "Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga".
- 2 Fylkeskommunen skal vere tilskotsforvaltar for midlane. Innovasjon Noreg skal vere operatør for bedriftsretta tiltak innanfor statsstøtteregelverket.
- 3 Midlane skal nyttast i samsvar med føringar og retningsliner gitt av Kommunal- og regionaldepartementet og føringar gitt i Fylkesplanen med tilhøyrande handlingsplanar.
- 4 Det skal etablerast ei eiga foreining som skal leggje til rette for bruken av midlane. Som fylkeskommunen sin representant i styret for foreininga og utsending til årsmøtet, vert vald **Kjartan Longva**.
- 5 Det skal utarbeidast vedtekter for foreininga. Vedtektene skal tilpassast dei merknadene som er gitt i saksutgreiinga. Fylkestinget gir fylkesutvalet fullmakt til å ta stilling til endeleg ukast til vedtekter.
- 6 Hovudutval for plan og næring får fullmakt til å godkjenne foreininga sin årlege handlingsplan og budsjett for bruken av dei samla næringsretta midlane til regional utvikling over kap. 551.61 i Statsbudsjettet.

-----  
**SAK 18/07            Midlar til utviklingstiltak 2007**

**Frå Fylkesdirektøren lág det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

- 1        CONNECT Vest-Norge vert tildelt kr 100 000 for 2007.
- 2        Western Norway Film Commission vert tildelt kr 140 000 for 2007.
- 3        Dei fire regionråda i fylket vert kvar tildelt kr 550 000 for 2007, dekket med avsette midlar til regionråda. Det skal utarbeidast samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og kvart av regionråda, og fylkesdirektøren får fullmakt til å signere denne avtala.
- 4        IT-forum vert tildelt kr 500 000 for 2007.
- 5        Sogn og Fjordane reiselivsråd vert tildelt kr 100 000 for 2007.
- 6        Det vert avsett kr 150 000 til samarbeidstiltak retta mot utdanning og næringsliv.
- 7        Løyvingane vert dekket med avsette midlar til regionråda og disponible utviklingsmidlar på plan og næring sitt budsjett for 2007. Tildelinga til IT-forum vert i første omgang finansiert med disponible utviklingsmidlar, i påvente av eventuell finansiering gjennom omdisponerte prosjektmidlar.

**Endringsframlegg:**

**Hovudutval for plan og næring la fram slikt framlegg til vedtak:**

Punkt 6 i vedtaket går ut.

**Avrøysting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:**

- 1        CONNECT Vest-Norge vert tildelt kr 100 000 for 2007.
- 2        Western Norway Film Commission vert tildelt kr 140 000 for 2007.
- 3        Dei fire regionråda i fylket vert kvar tildelt kr 550 000 for 2007, dekket med avsette midlar til regionråda. Det skal utarbeidast samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og kvart av regionråda, og fylkesdirektøren får

fullmakt til å signere denne avtala.

- 4 IT-forum vert tildelt kr 500 000 for 2007.
- 5 Sogn og Fjordane reiselivsrad vert tildelt kr 100 000 for 2007.
- 6 Løyvingane vert dekkja med avsette midlar til regionråda og disponible utviklingsmidlar på plan og næring sitt budsjett for 2007. Tildelinga til IT-forum vert i første omgang finansiert med disponible utviklingsmidlar, i påvente av eventuell finansiering gjennom omdisponerte prosjektmidlar.

-----

Møtet slutt kl 1230.